

Jan Flekke
Fjellsendavegen 123
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7626 - 23/22036

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
20.03.2023

Svar på søknad om fjerning av bakkemur - GBNR 130/2 Fjellsende

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket gjev Alver kommune Jan Flekke løyve til å fjerne deler av omsøkt bakkemur på 130/2 Fjellsende.

Vilkår:

- **Det vert gjeve løyve til å fjerne dei deler av bakkemuren som av søker vert vurdert til å utgjere ein fare for folk og dyr på beite.**
- **Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.**

Saka gjeld

Jan Flekke søkte 20.01.2022 om løyve til fjerning av ein bakkemur på GBNR 130/2 Fjellsende. I følge kart som følger søknaden er muren om lag 35 meter lang og ligg nederst i ein bakke mellom ein haug som er klassifisert som innmarksbeite og eit areal med myr/ skrinn fastmark. Grunngjevinga for at søker ønsker å fjerne muren er at den ligg i vegen når det skal takast ned tre på innmarksbeitet og at det er fare for at muren kan rase ut og gjøre skade på sau på beite. Om lag 10 meter av muren er alt rast ned og søker skriv at muren generelt er i därleg forfatning. Garden er i drift med 38 vinterfôra sauar i 2022/2023.

Alver kommune ved landbruksavdelinga har vore på synfaring 13.02.2023. Saka vart sendt på høyring til kulturavdelinga 17.01.2023, men kulturavdelinga har ikkje kome med nokon uttale i saka.

Muren ser ut til å vere ein bakkemur som har hatt som funksjon å halde på plass jord i bakken, men forfall og jordsvinn gjer at funksjonen er noko uklar slik muren ligg i dag. Arealet på haugen nord for muren er klassifisert som innmarksbeite. Eldre kart og flyfoto syner at eit større

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

areal sør for muren som i dag er utmark tidlegare har vore eit ope areal med innmarksbeite, dette gjeld eit areal på om lag 60 daa. Søkar har sett i gang tiltak for å auka beiteverdien på dette utmarksarealet. Søkar planlegg og å fjerna ein del tre på haugen med innmarksbeite like nord for bakkemuren. Formålet er å betre både beitekvaliteten og utsikta mot sjøen frå tunet på garden.

Ved synfaring kunne ein sjå at muren bua ut fleire stader, og at mange steinar såg ut til å ligga ustabilt.



Kart: Plassering av bakkemur gbnr 130/2



Bilete frå synfaring: Deler av muren er rast ned



Bilete frå synfaring: ustabile steinar som kan stå i fare for å rasa ned



Bilete frå synfaring: Muren ligg eit stykke opp i bakken



Bilete frå synfaring: Muren har eit uryddig preg med blanding av store og små steinar.

VURDERING:

Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket §4 tredje ledd seier at «Tilskuddet skal avkortes dersom det på, eller i tilknytning til arealet foretaket disponerer foretas inngrep som forringar kulturlandskapet. Det skal likevel bare avkortes for inngrep på eiendom som foretaket helt eller delvis disponerer. Dersom annet regelverk ikke er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper.»

Søkar peikar i hovudsak på to konkrete forhold som inneber ulemper for drifta:

1. *Muren er til hinder for å få tatt ned tre i bakken nord for muren.*
Landbruksavdelinga er samd i at det kan vere ein fordel å få tynna litt i lauvskogen nord for muren for å betra beitekvaliteten. Landbruksavdelinga meiner likevel at det i stor grad vil vere mogleg å rydda / tynna lauvskogen utan at muren raser ned dersom dette vert gjort med varsemd. Landbruksavdelinga vurder ikkje dette som ei betydeleg ulempe for drifta.

2. *Hvis muren blir stående og forfalle vil den til slutt falle ned og dette kan være til skade for sau på beite.*

Landbruksavdelinga er samd i at muren er forfallen, og at han ser ut til å vere ustabil fleire stader. Muren framstår som uryddig, med fleire store steinar som ligg ustabilt. Faremomentet vert forsterka av at muren ligg litt opp i bakken slik at fallhøgda auker. Det er og gjort noko graving i botn av bakken som gjer at muren ligg endå høgare no enn han har gjort opphaveleg. Landbruksavdelinga vurderer at faren for at muren raser ut er ei betydeleg ulempe for drifta per i dag. Muren kan og vere ein fare for turgåarar/ born som kan prøva å klatra på muren, sidan det går ein tursti like forbi muren.

Ved førehandsgodkjenning av slike tiltak må det vurderast om tiltaket fremmar formålet med tilskotet. Formålet med tilskot etter forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket er å bidra til eit aktivt og berekraftig jordbruk innanfor dei målsettinger som Stortinget har trukke opp. Landbruksavdelinga meiner at det er positivt at det vert gjort tiltak for å betra beitekvaliteten på garden. Bakkemuren utgjer ein risiko for dyr på beite. Fjerning av bakkemuren vil bidra til at området kan verta eit godt og trygt beite, og bidrar såleis til aktiv drift på garden. Bruk som beite er avgjerande for at området skal komma i god hevd.

Bruk av Stein som byggemateriale er eit særtrekk for kommunen, og bakkemurar, steingardar og andre tørrmura element er mange stader viktige element i kulturlandskapet. Samtidig finst det svært mange slike minner, og alt kan ikkje takast vare på. Landbruksavdelinga har gjort søk i tilgjengelege databaser for kulturminner utan å finne nokon informasjon om denne bakkemuren. Det ligg heller ingen andre registrerte kulturminne eller særskilte naturverdiar i nærleiken av denne muren. Muren ligg ikkje som del av eit større system av murer, men ligg noko avsides for seg sjølv eit stykke unna tunet på garden. Det er i dag vanskeleg å slå fast kva funksjon muren har hatt. Kulturavdelinga har fått saka på høyring men har valt å ikkje gje uttale i saka. Landbruksavdelinga si vurdering er at bakkemuren truleg har liten kulturhistorisk verdi og at fjerning av muren ikkje har stor betydning for kulturlandskapet.

Etter ei samla vurdering meiner Landbruksavdelinga at ulempa for drifta veg tyngre enn den negative effekten for kulturlandskapet i denne saka. På bakgrunn av dette vert det gjeve løyve til fjerning av dei deler av bakkemuren som kan vere til fare for folk og dyr på beite.

Regelverk

- Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttå fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7626

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleia

Marie Victoria Rekdal Skogrand Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Flekke

Fjellsendavegen 123

5911 Alversund